



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Løn, personal og organisasjon	Øystein Aadland			
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	23/1321	Klassering:	

Orientering om sjukefråvær 1. kvartal 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek saka til vitande

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann orienterer om fråvær 1. kvartal 2023.

Vurdering

Fråværet har dei siste åra vore aukande. I tida gjennom pandemien auka fråværet grunna korona og ein vurderte at fråværet ville bli redusert i etterkant av pandemien. Tala viser at fråværet framleis er høgt og i enkelte einingar og sektorar er fråværet høgare enn i tida før pandemien. Tilgang på vikarar er lågare enn tidlegare og fleire einingar har utfordringar med å dekke inn sjukdom. Det går ut over drifta og kan over tid slite på dei tilsette som må arbeide med redusert bemanning. Tilgang på vikarar er ei utfordring for fleire omliggande kommunar og ikkje spesielt for Osterøy.

Fråværet i første kvartal 2023 var samla på 11,7% mot 13,36% i kvartal 2022. Fråværet er delt mellom eigenmeldt og legemeldt fråvær, samt delt mellom kort og langtidsfråvær.

Organisasjonen arbeider aktivt med tiltak for å redusere fråværet gjennom arbeidsmiljøutval, utval for inkluderande arbeidsliv, kompetanseheving for leiarar og eit tett samarbeid med bedriftshelsetenesta på systemnivå og i enkeltsaker. Organisasjonen reviderte rutineane for oppfølging av sjukemeldte i 2022 og gjennomførte fem frukostmøte i samarbeid med NAV arbeidslivssenter. Arbeidet er vidareført i 2023.

Vedlagt ligger oversikt over fordeling av fråværet delt mellom sektorene.

Konklusjon

Saka blir lagt fram til orientering.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

Vedlagte saksdokument:

Fråvær 1 kvartal 2023 rådmann og stab	408162	03.05.2023
Fråvær 1 kvartal 2023 Oppvekst undervisning og kultur	408164	03.05.2023
Fråvær 1 kvartal 2023 Helse omsorg og sosial	408165	03.05.2023
Fråvær 1 kvartal 2023 Samfunnsutvikling	408166	03.05.2023